



Ordførar Peder Sjo Slettebø talar på haustfesten.

**Ordførar Peder Sjo Slettebø har takka ja til å vera talar på haustfesten i unbgdomslaget laurdag 21. oktober. Dette er ei endring i høve til det som er skrive tidlegare. NRK veteranen Åshild Ulstrup ( 83 år ) er framleis aktiv som kåsør og føredragshaldar, men grunna mykje reise og mange oppdrag, bed ho seg fri oppgåva i Uskedalen denne gongen. Ordføreren er glad for å bli spurt og ser fram haustfesten i Helgheim.**

Programmet er klart og påmeldinga er starta. Det tradisjonsrike lagsbladet Daltrekk vert denne gongen skrive av Vidar Haugland. Vidar skriv godt og har målretta tankar om bygda og viktige tiltak i framtida. Uskedal musikklag og Røysterett for Alle er på plass med sine minikonserter. Det vert arbeidd med å få på plass revyinnslag på scenen. Rustne Menn vel ut allsongane og står for tonefylgje.

Det populære dansebandet Trinity, tinga alt på haustfesten i fjor, er klar for ny dansekveld i Helgheim. Dei som alt er påmelde til haustfesten, høyrer til fansen til Trinity. Matøkt høyrer med,- betasuppe, kaffi og kaker.

Det vert lagt ut 100 billetter og ungdomslaget ynskjer påmelding anten til:

Rigmor Rasmussen ( [rigmor@knett.no](mailto:rigmor@knett.no) ) eller Kristian Bringedal ( [kristian.bringedal@gmail.com](mailto:kristian.bringedal@gmail.com) ). Medlemene i

musikklaget og i koret melder seg på samla, men med namn.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto v/ Thor Inge Døssland